

Teatersentret BIKUBEN har no over 1900 medlemer.Talet på medlemene stig raskt.Som medlem kjem De inn på framsyningane til halv pris og til arrangement i kjellarlokala til ein pris av kr.2,- om De har sett oppsetjinga.Medlemer som ikkje har sett framsyninga, må betale kr.4,- for å få adgang.For dei som ikkje er medlemer er prisen kr.5,-,det same som medlemskap i eit halvt år kostar.De kan kjøpe medlemskort etter framsyninga eller tinga det på tlf.20 02 44 kl.11-15. Vel møtt i Teatersentret BIKUBEN!

# EIT GODT HOVUD

## AV STIAN SÖRLIE

Bikuben
i ABC-Teatret





STIAN SØRLIE:

# TEATER I VERDA

Det er tre milliardar verder i verda.
Der politikaren ser massar og grupperingar som kan formast og tøymast med slagord og program,ser kunstnaren einskildmenneske som lever og døyr åleine i ei verd ein berre har rett til å nærme seg med den djupaste vørdnad og varsemd.For i denne verda bur all menneskeleg liding og draum.
Kampen rasar både om den eine og dei mange verder.Det har han alltid gjort,men aldri som no.I sitt blinde kav for å få vride jorda ut or grepet til den andre parten,sender dei stridande partar ut sine armadaer av ideologiske skurtreskjarar,som meiar ned kvart menneskeleg aks på sin veg.Tankar og kjensler skal haustast og tømmast i sekker.
Aldri før har einskildmennesket vore i så kritisk ei stode som i dag,for aldri før har representantane for den store verda hatt slike råder til makt,til å gjera den einskilde heimlaus i si eiga vesle verd.
Kunsten er livgarden til dei små verder i kampen mot den store.
Ein kunst som overlet dei tre milliardar verder til deira eigen lagnad og aksepterer ei verd på marsj inn i steingjengen umenneskeleggjering,er ein svikar.
Teatret - som ber alle andre kunstarter i seg - har større ansvar enn dei andre for utfallet av kampen mellom dei maktlause milliardane og den mektige eine.Det ansvaret kan det ikkje kaste av seg utan å gjera seg sjølv til ein løgnvoren luksus.Fullgjera si oppgåve som vern om retten for den einskilde til å drøyme sin eigen draum,kan teatret i dag einast gjera gjennom kamp.
Gjennom det å gje avkall på sin tryggleik og gjera seg sjølv til eit stridande teater - i verda.

# EIT GODT HOVUD

## AV STIAN SÖRLIE

til nynorsk ved EINAR ØKLAND

| | |
|---|---|
| instruktør | GUDRUN WAADELAND |
| koreografisk assistanse | KARI WANG |
| dekor | SNORRE TINDBERG |
| kostyme | EVA SELIGA |
| masker | DORO WALSTAD |
| inspisient | IVAR NØRVE |

TROLLMANNEN...TORBJØRN HALVORSEN
BØDDELEN......ERIK ØKSNES
NARREN........ANITA RUMMELHOFF

- Stian Sørlie er fødd i Oslo 1928. Han vart cand.jur.1953 og er no konsulent i Justisdepartementet.
- Sidan 1956 har Sørlie vore ein flittig bidragsytar med artiklar til aviser og tidsskrift.-"Eit godt hovud"(1965) er debuten hans som dramatikar.

d15g148580